



Møteprotokoll

Utval: Nærings- og utviklingsutvalet
Møtestad:
Dato: 09.06.2026
Tid: kl 16:00 - 18:30

Faste medlemmer som møtte:

Namn:	Funksjon:	Representerer:
Øyvind Hunnes	Utvalsleiar	H
Frank Kjøde	Nestleiar utval	FRP
Ivar Johannes Johansen	Medlem	FRP
Karl Dagfinn Lyshol	Medlem	FRP
Karoline Ringdal Hjelseth	Medlem	H
Karna Myhre	Medlem	AP
Carola Herrmann	Medlem	V
Petter Hole-Drabløs	Medlem	SP

Forfall:	Parti	Varamedlem	Parti
Henning Tandstad	AP	Ståle Eikrem	AP

Andre som møtte:

Arild Sunde Rinnan	Arealplanleggar
Kristian Trandal	Teknisk sjef
Odd Jostein Drotninghaug	Kommunalsjef samfunn

Sakliste

Sak nr	Sakstittel
PS-24/26	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS-25/26	Godkjenning av protokoll frå forrige møte
SP-03/26	Spørsmål til administrasjonen
PS-26/26	Referatsaker
PS-27/26	48/1 - Søknad om frådeling av hytte etter jordlova § 12
PS-28/26	48/4 - Behandling av klage på vedtak om avslag på søknad om bruksendring og delvis avslag på dispensasjon
PS-29/26	Behandling av klage på vedtak om vinterstenging av kommunal veg i Fasteindalen
PS-30/26	54/120 - Behandling av klage på vedtak om dispensasjon
PS-31/26	30/1 - Behandling av klage på vedtak om avslag på søknad om dispensasjon
PS-32/26	30/1 - Planinitiativ oppstart detaljregulering til fritidsbustad i LNF-område på gnr.30 bnr.1 innanfor kommunedelplan områda kring Nysætervatnet
PS-33/26	Detaljregulering FTU3 utleiehytter langs Kursetstranda - 2.gongs politisk behandling - Framlegg om eigengodkjenning
PS-34/26	Offentleg regulert parkering ved torgområdet

24/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

09.06.2026 Nærings- og utviklingsutvalet

Behandling

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste.

NU - 24/26 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent slik dei ligg føre.

25/26 Godkjenning av protokoll frå forrige møte

09.06.2026 Nærings- og utviklingsutvalet

Behandling

Det var ingen merknader til protokollen frå forrige møte.

NU - 25/26 Vedtak:

Protokollen frå forrige møte vert godkjent slik den ligg føre.

03/26 Spørsmål til administrasjonen

09.06.2026 Nærings- og utviklingsutvalet

Behandling

Planting i sentrum, foreslått av Petter Hole-Drabløs, Senterpartiet

Det ser ut som om all kommunal blomsterplanting i sentrum har blitt droppa i år. Eit resultat av innsparing.

Kommunalsjef Odd Jostein Drotninghaug svara på spørsmålet.

Blomster kom på plass same dag som dette møtet.

26/26 Referatsaker

09.06.2026 Nærings- og utviklingsutvalet

Behandling

Ingen referatsaker til dette møtet.

27/26 48/1 - Søknad om frådeling av hytte etter jordlova § 12

09.06.2026 Nærings- og utviklingsutvalet

Behandling

alternativt vedtak , foreslått av Øyvind Hunnes, Høgre

Viser her til samme sak fra tidligere møte i vår, men no gjeld det

Frådeling av hytte etter jordlova §12

Nærings- og utviklingsutvalet legg vekt på at søknaden gjeld frådeling av eksisterande hytte og naust utan nye byggetiltak, utan nye terrenginngrep og utan omdisponering av dyrka eller dyrkbar jord. Utvalet vurderer at dei nemnde ulempene i saka er små. Vidare vurderer vi at frådelinga vil kunne frigjere kapital til naudsynt vedlikehald og istandsetjing av driftsbygningar og hovudhus på garden, og slik motverke forfall og leggje til rette for ei meir berekraftig og langsiktig forvaltning av eigedomen. Sidan arealet ikkje er eigna for landbruk, og sidan sektormyndigheitene ikkje har hatt merknader, meiner utvalet at LNF-formålet ikkje vert vesentleg tilsidesett og at fordelane ved dispensasjon i denne konkrete saka er klart større enn ulempene.

Utvalet vurderer at presedensverknaden for andre frådelingar er avgrensa, då det ikkje er mange fritidsbustadar på gardsbruk i kommunen.

revidert forslag, foreslått av Øyvind Hunnes, Høgre

Viser her til samme sak fra tidligere møte i vår, men no gjeld det

Frådeling av hytte etter jordlova §12

Fellesforslag

Nærings- og utviklingsutvalet legg vekt på at søknaden gjeld frådeling av eksisterande hytte og naust utan nye byggetiltak, utan nye terrenginngrep og utan omdisponering av dyrka eller dyrkbar jord. Utvalet vurderer at dei nemnde ulempene i saka er små. Vidare vurderer vi at frådelinga vil kunne frigjere kapital til naudsynt vedlikehald og istandsetjing av driftsbygningar og hovudhus på garden, og slik motverke forfall og leggje til rette for ei meir berekraftig og langsiktig forvaltning av eigedomen. Sidan arealet ikkje er eigna for landbruk, og sidan sektormyndigheitene ikkje har hatt merknader, meiner utvalet at LNF-formålet ikkje vert vesentleg tilsidesett og at fordelane i denne konkrete saka er klart større enn ulempene.

Utvalet vurderer at presedensverknaden for andre frådelingar er avgrensa, då det ikkje er mange fritidsbustadar på gardsbruk i kommunen.

Nytt framlegg frå Øyvind Hunnes og FRP. Fellesforslag.

Votering: Nytt fellesforslag vart samrøystes vedteke.

NU - 27/26 Vedtak:

Nærings- og utviklingsutvalet legg vekt på at søknaden gjeld frådeling av eksisterande hytte og naust utan nye byggetiltak, utan nye terrenginngrep og utan omdisponering av dyrka eller dyrkbar jord. Utvalet vurderer at dei nemnde ulempene i saka er små. Vidare vurderer vi at frådelinga vil kunne frigjere kapital til naudsynt vedlikehald og istandsetjing av driftsbygningar og hovudhus på garden, og slik motverke forfall og leggje til rette for ei meir berekraftig og langsiktig forvaltning av eigedomen. Sidan arealet ikkje er eigna for landbruk, og sidan sektormyndigheitene ikkje har hatt merknader, meiner utvalet at LNF-formålet ikkje vert vesentleg tilsidesett og at fordelane i denne konkrete saka er klart større enn ulempene.

Utvalet vurderer at presedensverknaden for andre frådelingar er avgrensa, då det ikkje er mange fritidsbustadar på gardsbruk i kommunen.

28/26 48/4 - Behandling av klage på vedtak om avslag på søknad om bruksendring og delvis avslag på dispensasjon

09.06.2026 Nærings- og utviklingsutvalet

Behandling

alternativt forslag, foreslått av Øyvind Hunnes, Høgre

Forslag til vedtak PS 28/26t frå Høgre og FRP :

Forslag til vedtak

Etter ei ny vurdering i *Nærings- og utviklingsutvalet* finn kommunen at vilkåra for dispensasjon er oppfylt.

Tiltaket gjeld bruk av eksisterande driftsbygning som del av ei gardsbasert næringsutleige, bygd på eigedomen sitt samla ressursgrunnlag med landbruksareal, skog, naust, sjøtilgang og jakt-/fiskemoglegheiter. Tiltaket medfører ikkje ny nedbygging av landbruksareal eller nye inngrep i strandsona.

Med nærare vilkår om at bruken skal vere knytt til landbrukseigedomen, at bygget ikkje kan frådelast, og at det ikkje kan etablerast nye privatiserande tiltak, finn kommunen at omsyna bak LNF-formålet og pbl. § 1-8 ikkje blir vesentleg tilsidesette. Fordelane ved å ta vare på og nytte eksisterande bygningsmasse, styrke inntektsgrunnlaget på garden og leggje til rette for naturbasert næringsutvikling i tråd med kommunen sine mål, blir vurderte som klart større enn dei avgrensa ulempene. Dispensasjon og søknad om bruksendring kan difor gjevast med vilkår.

Nytt forslag frå H og FRP. Gjort om til fellesforslag.

Votering: Nytt fellesforslag vart samrøystes vedteke.

NU - 28/26 Vedtak:

Etter ei ny vurdering i *Nærings- og utviklingsutvalet* finn kommunen at vilkåra for dispensasjon er oppfylt.

Tiltaket gjeld bruk av eksisterande driftsbygning som del av ei gardsbasert næringsutleige, bygd på eiegen samlag ressursgrunnlag med landbruksareal, skog, naust, sjøtilgang og jakt-/fiskemoglegheiter. Tiltaket medfører ikkje ny nedbygging av landbruksareal eller nye inngrep i strandsona.

Med nærare vilkår om at bruken skal vere knytt til landbrukseigen, at bygget ikkje kan frådelast, og at det ikkje kan etablerast nye privatiserande tiltak, finn kommunen at omsyna bak LNF-formålet og pbl. § 1-8 ikkje blir vesentleg tilsidesette. Fordelane ved å ta vare på og nytte eksisterande bygningsmasse, styrke inntektsgrunnlaget på garden og leggje til rette for naturbasert næringsutvikling i tråd med kommunen sine mål, blir vurderte som klart større enn dei avgrensa ulempene. Dispensasjon og søknad om bruksendring kan difor gjevast med vilkår.

29/26 Behandling av klage på vedtak om vinterstenging av kommunal veg i Fasteindalen

09.06.2026 Nærings- og utviklingsutvalet

Behandling

Samrøystes vedtak som kommunedirektør sitt framlegg til vedtak.

NU - 29/26 Vedtak:

Klaga av 12.03.2026 vert ikkje imøtekomen. Vedtak om mellombels stenging av kommunal veg i Fasteindalen for vinteren 2025/2026, fatta med heimel i vegtrafikklova § 7 andre ledd, vert oppretthalde.

Saka vert å sende til Statsforvaltaren for endeleg avgjerd.

30/26 54/120 - Behandling av klage på vedtak om dispensasjon

09.06.2026 Nærings- og utviklingsutvalet

Behandling

Samrøystes vedtak som kommunedirektør sitt framlegg til vedtak.

NU - 30/26 Vedtak:

Kommunedirektøren meiner klagen ikkje gir grunnlag for å endre delegert vedtak 194/26 av 20. april 2026. Det er ikkje påvist inhabilitet eller andre saksbehandlingsfeil som gjer vedtaket ugyldig, og kommunedirektøren kan heller ikkje sjå at klagen gir grunnlag for å endre dei materielle vurderingane av dispensasjon frå plankravet eller frå plan- og bygningslova § 29-4 andre ledd.

Kommunedirektøren råder derfor til at Nærings- og utviklingsutvalet held fast ved vedtak 194/26 og at saka blir oversendt Statsforvaltaren i Møre og Romsdal for endeleg avgjerd.

31/26 30/1 - Behandling av klage på vedtak om avslag på søknad om dispensasjon

09.06.2026 Nærings- og utviklingsutvalet

Behandling

Samrøystes vedtak som kommunedirektør sitt framlegg til vedtak.

NU - 31/26 Vedtak:

Klaga av 20.05.2026 vert ikkje imøtekomen. Saka vert å sende til Statsforvaltaren for endeleg avgjerd.

32/26 30/1 - Planinitiativ oppstart detaljregulering til fritidsbustad i LNF-område på gnr.30 bnr.1 innanfor kommunedelplan områda kring Nysætervatnet

09.06.2026 Nærings- og utviklingsutvalet

Behandling

Samrøystes vedtak som kommunedirektør sitt framlegg til vedtak.

NU - 32/26 Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 12-8 2.ledd vedtek nærings- og utviklingsutvalet å stoppe planinitiativet for fritidsbustader/næringsrelatert turisme i LNF-område på gnr.30 bnr.1 vest for gamlesætra innanfor kommunedelplan for områda kring Nysætervatnet.

Vedtaket er endeleg og kan ikkje påklagast. Forslagsstillar kan likevel krevje å få vedtaket lagt fram for kommunestyret for endeleg avgjersle, jf. pbl § 12-8 2.ledd.

33/26 Detaljregulering FTU3 utleiehytter langs Kursetstranda - 2.gongs politisk behandling - Framlegg om eigengodkjenning

09.06.2026 Nærings- og utviklingsutvalet

Behandling

Arealplanleggar Arild Sunde Rinnan orienterte og viste powerpoint presentasjon.

Samrøystes vedtak som kommunedirektøren sitt framlegg.

NU - 33/26 Vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-12 1.ledd, eigengodkjenner kommunestyret i Sykkylven kommune fremja planforslag, Detaljregulering FTU3 utleigehytter ved Kursetstranda (planid15282025003), jamfør plankart sist revidert 16.02.2026, og føresegner og planomtale sist revidert 26.05.2026.

34/26 Offentleg regulert parkering ved torgområdet

09.06.2026 Nærings- og utviklingsutvalet

Behandling

Samrøystes vedtak som kommunedirektør sitt framlegg til vedtak.

NU - 34/26 Vedtak:

På bakgrunn av tydeleg uttale frå Statsforvaltar, og økonomiske vurderingar, går ikkje Sykkylven kommune vidare for å få til ein avtale med grunneigar om overtaking av området ved torget.

Skulle grunneigar kome til kommunen med interesse for sal, vil kommunen vurdere dette på nytt. Også om det skulle oppstå ein situasjon der det vert krevd parkeringsavgift for sentrale parkeringsareal.